

ATS får gode råd frå Fylkesarkivet. F.v. Halvard Johan Bolstad (ATS), Snorre Øvrebø og Elin Østevik (Fylkesarkivet) og Arne Neset (ATS).

Nytt frå ATS

ATS tek imot bilete for digitalisering/scanning og ev. restaurering

Ved ATS kan du no få utført digitalisering/scanning og enklare restaurering av bilete, negativar, dias og dokument. Frå nyttår har teamet brukt tida til å testa utstyr, etablere og lære seg gode rutinar samt å driva «prøvescanning» av bilete og dokument. No er dei klar til å ta imot bileta og dokumenta dine. Har du biletalbum eller «skoøskjer» med bilete eller dokument du ønskjer å ta vare på gjennom digital lagring, bruka på nettet eller i presentasjonar, kan du no nytta dette flotte tilbodet.

Desse medarbeidarane er klar til å ta imot bileta dine: Halvard Johan Bolstad og Arne Neset. ATS har også etablert eit samarbeid med fylkesarkivet. På denne måten vil dei sikra seg at

dei gjer arbeidet etter godkjende standardar og dei vil kunna samarbeida med Fylkesarkivet ved særleg arkivverdig og utfordrande digitalisering.

*

Treng du hjelp til plenslått?

Teamet på ATS starta grøntarbeidet rekordtidleg i år på grunn av den tidlege våren. I år har dei arbeid for m.a. idrettsbanene i Gaupne, Statkraft, Luster Energiverk og 12-15 private kundar. Teamet har framleis kapasitet til å ta på seg meir arbeid, - det er berre å ta kontakt på telefon 576 85 735 eller 99 45 93 74.



Grøntarbeidarane framfor ATS.



Faksimile frå Facebook-oppslag på ATS si åpne gruppe.

*

Nytt på nett

Er du ein av dei som likar å følgja med på kva som skjer i lokalsamfunnet ditt gjennom Facebook og internetsider, kan du bli betre kjend med kvardagen på ATS gjennom «ATS-gruppa» på Facebook. Dette er ei open gruppe der du kan be om å bli medlem. Her legg dei med ujamne mellomrom ut store og små hendingar ved senteret, som t.d. her bilete av mannskapet på dei nye transport-rutene for COOP Byggmix. Også «ATS-sida» på Luster kommune si heimeside kan vera verd eit besøk. Der kan du finna informasjon om ATS, prosjekta deira, bilete av dei fleste medarbeidarane og kva dei jobbar med.